



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ove Midtbø, 5764 3176

## Orientering om motteken søknad - justering av kommunegrensa mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune

Statsforvaltaren har 12.07.2021 motteke ein søknad om grensejustering frå innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim-Urdal skulekrins i Alver kommune, sjå vedlegg. Det vert søkt om at gamle Romarheim-Urdal skulekrins (Indrefjorden), vert ein del av Modalen kommune, alternativt ein del av Masfjorden kommune.

Vi vurderer at dette må reknast som ein søknad om utgreiing av grensejustering etter inndelingslova § 8 første ledd. Vi legg også til grunn at søknaden er sett fram av nokon med initiativrett etter inndelingslova § 8 første ledd. At ein har initiativrett inneber at ein har krav på å få vurdert om det skal setjast i gang ei nærare utgreiing av spørsmålet om grensejustering.

I samsvar med inndelingslova § 8 fjerde ledd tredje setning vert Alver kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune med dette orientert om søknaden. Vi orienterer også Vestland fylkeskommune om søknaden.

Statsforvaltaren ber om kommunane sine førebelse merknader til den grensejusteringa som er søkt utgreidd, under dette korleis dei førebels stiller seg til den grensejusteringa som det er gjort framlegg om. Vidare ber vi kommunane gjere greie for tilhøve som dei meiner vil vere av interesse for vurderinga av om spørsmålet om grensejustering skal utgreiast nærare, og tilhøve som dei meiner vil vere av interesse ved ei slik eventuell utgreiing.

Vi ber om at kommunane sine merknader til søknaden kjem oss i hende **innan 15.oktober 2021**. Ta kontakt dersom det er behov for lenger frist.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Ove Midtbø  
fung. seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



**Vedlegg:**

Søknad om grensejustering frå innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim – Urdal skulekrins med vedlegg

**Kopi til:**

Innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim - Urdal skulekrins v/kontaktperson Helge Eidsem	Romarheim 86	5994	VIKANES
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

**Mottakarliste:**

Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG